



Jobbfrukt- mannen

Steinar Smeds plass har jobba i VINN i 25 år.

På desse åra har han arbeidd med både vedkapping, veving, pakking av produkt og produksjon av utemøblar. I starten arbeidde han på Gol, men fekk kortare arbeidsveg ved å arbeide i Hol.

Han utfordra seg sjøl grundig sist vår. Han starta med å køyre ut frukt ein dag i veka. I dag har han utvida og tek på seg Jobbfruktarbeidstøyt to morgonar i veka. Steinar stiller i jobbfruktlokala på Gol litt før kl 10, lastar opp bilen og sørger for at Geilobedrifter får frukt måndag formiddag.

Onsdag er det bedrifter i Ål og Kleivi som står for tur.

-Når me begynte å prate om dette og eg fekk tilbud om denne jobben, måtte eg tenke meg litt om, seier Steinar. - Men så slo eg til!

- Du veit, eg veks på dette, seier han. Steinar fortel: - Det kan vere ei utfordring å parkere og manøvrere bilen der det er trangt, eg må heile tida vurdere kor eg kan stå, slik at eg lett kjem til med levering. Og samtidig må eg halde god oversikt over andre trafikanter. Før kvitte eg meg veldig for å køyre når eg skulle til frisør'n eller andre private ærend. No har eg fått mykje køyretrening i tettbygde strøk, og er dermed vorte mykje tryggare også når eg er ute med eigen bil.

-Eg har utfordra meg sjølv på det å møte mange forskjellige menneske også i denne jobben. Nokre har matpause og sit fleire i lag når frukta skal leverast. - Men eg skal jo berre levere ei vare, få kvittering og køyre vidare, seier Steinar.

Mottakarane er blide, hyggelege og fornøygde. - Ein av arbeidskarane sa forresten at no er det tomt her, men der kjem fruktmannen. - Då kjenner eg meg venta og er stolt over å skulle levere frukt. Eg syns det er stas å representere VINN ute i dalen. På ein av arbeidsplassane er forresten karane ute når frukta skal leverast. Det vart løyst ved at Steinar vart betrudd nøkkel.

«Eg har utfordra meg sjølv på det å møte mange forskjellige menneske også i denne jobben»

STEINAR SMEDSPASS

- Du veit, då står frukta klar når dei kjem innatt, smiler Steinar.

Steinar hadde tidlegare ansvar for dei daglege matvareinnkjøpa til VINN si avdeling i Hol så lenge JOKER-butikken var nabo.

Då butikken vart avvikla, måtte handelen



Steinar sørger for maten til VINN si avdeling i Hol.

skje hjå KIWI på Hagafoss. Kvar fredag før Steinar tek helg, lagar han og kollegaen hans handleliste. Den må liggje klar til måndagsmorgon. For før han startar jobbfruktruta frå Gol, svippar han nedom Hagafoss og sørger for matvarer til komande lunsjar.

-Eg handlar etter lista og øver meg på å betale med kort.

Steinar oppsummerer arbeidsendringane slik. - Å utfordre seg sjølv, seta seg nye mål, kome ut i andre bedrifter og få møte fleire folk, er positivt. -Og så bidreg det til større variasjon i arbeidsveka.

Steinar kikkar stadig oftare på klokka. Kundane i Kleivi har tom korg. Dei ventar på Jobbfruktmannen frå VINN.



Veteranar i VINN: Helge Bæren, Petter Rukke, Eirik Dekko.

Veteranar i VINN

Helge, Eirik, Petter og Steinar har alle hatt VINN som arbeidsplass i 25 år.

For dei har dette vore det rette valget! Dei har heile tida hatt individuelt tilrettelagte arbeidsoppgaver internt i VINN.

Tilrettelagte arbeidsplassar bidreg til auka sjølbilete, inkludering i arbeidslivet, auka mestringsfølelse, auka livskvalitet, trivsel, utvida nettverk, bedre helse, bidrag til verdiskaping og auke i breidda i det lokale bedriftsliv.

Hovudfokus er kvalifisering etter eit individuelt tilrettelagt program med det for auge og stadig nå nye mål. Dette er viktig også for dei personane som har VINN som arbeidsplass i mange år.

Kvar arbeidstaker har si eiga kvalifiseringsplan, og er aktivt med på både utarbeiding og evaluering.

Det handlar både om å utvikle og vedlikehalde den enkelte sin kompetanse og ferdigheiter.